



Kommunane i Møre og Romsdal

Helse Møre og Romsdal HF

Invitasjon til vidaregåande kurs i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9

Fylkesmannen inviterer med dette til vidaregåande kurs med praktisk tilnærming til helse og omsorgstenestelova kapittel 9. Kurset blir arrangert i nært samarbeid med habiliteringstenestene i Helse Møre og Romsdal HF.

Kurset blir heldt på Hotel Alexandra i Molde den 21.- 22. januar 2015.

Målgruppe:

Personell og leiarar som yter tenester til personar med utviklingshemming og personell med særskilt ansvar for å jobbe med problemstillingar i høve til kapittel 9, til dømes primærkontakt, teamleiar, buleiar. Det er ønskelig med 2 eller fleire frå kvar arbeidsplass.

For å få utbytte av kurset må deltakarane ha grunnleggjande kunnskap om regelverket knytt til helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Målet med kurset er å auke kompetanse og erfaring i etisk og fagleg refleksjon, slik at ein kan førebyggje bruk av unødig tvang og makt. I tillegg vil deltakarene få erfaring i praktiske tilnærmingar som kan komme til nytte ved eigen arbeidsstad.

Kostnad:

Sjølve kurset er gratis, men deltakarane må sjølv betale for dagpakke(r)/ overnatting direkte til hotellet. Faktura må avtalast med hotellet på førehand.

Dagpakke 21.01.2015	kr 465,-
Dagpakke 22.01.2015	kr.435,-
Deltaking i heilpensjon 21.-22.01.2015, inkl. overnatting i enkeltrom og alle måltid	kr. 1765,-
Middag 21.01.2015, ikkjebuande	kr. 395,-

Bindande påmelding innan 06.01.2015.

Det er avgrensa med plassar på kurset. Dersom du ikkje får plass, vil vi gje direkte tilbakemelding om det, når arbeidet med deltakarlista tek til.

Påmelding skjer elektronisk på: <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Tvang-tvingande-naudsynt-eller-21-22-januar-2015/>

Spørsmål om påmeldinga kan rettast på e-post til fmmrkurs@fylkesmannen.no eller på telefon 71 25 80 67 /8505. For nærare informasjon om innhaldet i kurset kan fagkoordinator Janne Bjørnsnøs kontaktast på telefon nr.: 71 25 85 36 eller e-postadresse janne.bjorsnos@fmmr.no

Med helsing

Christian Bjelke e.f.
Fylkeslege/direktør

Guro Sæter Hollingsholm
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: førebels program